





Ingen grunn til å klaga på prisen heller, samanlikna med snop!

Tørresild? Nubbasild? Nubbesild? Lubbesild?

Kjært born har mange namn og det gjeld i høg grad den tørka silda som ligg og fristar mange på fiskedisken på Spar. Det vert rapportert at silda er meir populær enn nokon gong og ho er inne i ein aukande kurs i alle generasjonar. I den seinare tid, seier kjeldene, har ikkje minst dei unga fatta aukande interesse for silda som vi for vår del kallar lubbesild. Dei kan faktisk melde at mange i dei lågare generasjonane har bytta ut snop og søtsaker med den sikkert næringsrike silda. Dei sit til og med og gumlar på ho utanfor Spar!

Det har vi førebels til gode å sjå, men eit veksande bruksområde skal vera lubbesild i kombinasjon med øl i ein noko høgare aldersgruppe.

- Det er ein klår tendens at dei yngre er på veg inn i det som kallast tradisjonsmat og her står lubbesilda sentralt, seier dagleg leiar Bente Nilsen. Korleis smakar så silda best, er det mange som spør.
- Saman med kald potet, seier fleire i Spar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen